

Styremøte SFSG 14.12.23 på Teams

Tilstades: Ragnhild Sæle, Jo Risløv, Erlend Fossen, Anne Inger Moen og Solgun Haugen

Styremøte kl 20.30 – 21.20

Sak 80/23. Prinsipp handsaming søknad aktivitet lokallag

Styret diskuterte ulike problemstillingar rundt tilskot til aktivitet i lokallaga. Kva er innanfor òg ikkje å gje tilskot til.

Spørsmål frå lokallag om støtte til gjetarhundtrening og gjetarhundkurs. Er dette innanfor tilskot til aktivitet i lokallag?

Gjetarhundlaga er ikkje lokallag etter NSG sine lagslover òg kjem difor ikkje innanfor ordninga med tilskot til aktivitet i lokallaga. Står i årsmøtevedtaket at gjeld aktivitet i lokallag.

Gjetarhundlaga kan søkja lokallaga om midlar. Medlemmar frå ulike lokallag. Kan event søkja beitelaga om støtte òg.

Er tilskot til minibuss til haustsamling/småfesamling innafor tilskotsordninga?

Dette er ikkje aktivitet i lokallag då lokallaget ikkje er med å arrangerer dette.

Transport til arrangement som ikkje er arrangert av lokallaget kjem ikkje innunder aktivitet i lokallag.

Vert noko anna når lokallaget td arrangerer fagtur til Nortura Førde og søker om tilskot til transport dit.

Referent; Solgun Haugen.